

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 Tilleggsliste til Skav

Fylke: Oppland.

Tillegsspørsmålnr.

Herad: V.Slidre

Emne: S k a v.

Bygdelag: Øyebygde i Røn.

Oppskr. av: G.Kirkevoll.

Gard: Kirkevoll,

(adresse): Jomfrubraatvn.25,

G.nr. 66 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigen røynsle.B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Eg er født i V.Slidre og er gartner.

SVAR

1.

Skav var ikkje so mykje brukt i mi heimbygd i mi tid, men eg var daa med paa det medan eg var smaagut. Mest var det brukt aa flekkji bjørkestrangar aa dra inn i sau og geithus og lata dei knaga av borken. Ofte tok geitene av nevveri sjøelve meir og mindre - dei har gode tenner. Me brukte aa slaa bjørkeklyfter ned i tallen og leggi stranggane opp i daa heldt borken seg reinar, enn naar den skulde liggje paa tallen.

Um krøter som hadde faatt skav vart meir betalt har eg ikkje høyrte om. - Men eg høyrde at det var bra aa gjeva skav til unghestar - dei skulde bli slette og blanke i haara av det, og so skulde dei bli meir trevoge, større appetitt.

2. At kjøtet vart svart av skav har eg heller ikkje høyrte, heller ikkje um det var skildnad paa skavet fraa ymse treslag.

3. Daa skav til kyr vart lite brukt har eg ikkje høyrte um verknaden paa mjølk.

4. Mengde av skav kan eg ikkje seia.

5. Spesielt skavjern kan eg ikkje hukse etter, men truleg har det vore brukt paa høgt liggande fjellgardar der skav vart meir brukt.

6,7,8 ukjent.

9. Bestefar min hadde vore med paa aa lauva i statsælmening-

en i V.Slidre (umlag 100 aar sidan),men vyrkji til skav tok dei neppe.Ved lauvingi vart skogen (bjørk) ganske øydelagt so det vart leit til ved paa stølane ikring framover.No kjem bjørki att for allvaar.

10. Husmenne hadde rett til ved hjaa husbonden og det vart mest bjørk og ein del vart flekt aa skavin,men det var berre ganske faa husmenner som skov - eg saag alder meir enn ein som gjorde det.

11.Skjernihelle har eg høyrte,men ikkje skavnelle;det var helst ganske smaa,flate hellor med skarp kant.Dei var mest av fyllit-skiifer som det er mykje av i Valdres.Namnet har truleg ei eldre rot etter ein eller annan bruk,men kva det var veit eg ikkje. - Naar me som smaagutar kasta stein var det um aa gjera kaste lengst.Ei passeleg tynn skjernihelle bar seg uppe lengst,men maatte kastast ut slik at ho ikkje skar seg ned fort.- Det var og vanlegt sagt:(og blir det den dag idag-høyrde det for nokre dagar sidan) Du kan bli med meg burt paa ei steinrøys so skal eg kaste taa de skjegget med skjernihello.Vart og sagt um haaret.- Naar ein ikkje var so fint klypt"paa haaret"(skaareklypt) vart det gjerne spurt:"Kven har har kasta av de haaret no?"- ~~han~~ ^{han} har ~~natt~~ ^{natt} forklent til skjernihello? - So vidt eg veit so var desse hellone slik som (kan hende dei har vore det før) dei var fraa naturens hand - ikkje slipte,men det hende at me runda dei av med aa banke paa dei med ein stein naar me skulde kaste so dei vart meir handhøvelege. Skjernihellone gjekk ikkje berre lengst,men og høgast naar me kasta i høgda.-Ein maatte helst kaste so høgt at ein ikkje kunne sygne hella og so skulde ein kaste beint upp slik at stein kom ned att umlag der ein stod,daa kunne ein kaste.- Aa kaste var god trening for armane,ein maatte lære seg til aa kaste med kjeiva og skulde ein vera noko til kar.

12. Tøltebondin i samband med skav er ukjent for meg.